

Ned skogsvegen og inn i 2010!

13.01.2010



Cathrine Haugland - eldsjel på trimsektoren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Allidretten, som eldsjelane Cathrine og Steinar Haugland starta i fjar og har all ære av, har no i kveld ein frisk start i eit nytt år.

Rundt rekna 15 ungdommar med kjelker er på veg opp skogsvegen på øvre Haugland og skal renna ned att under ideelle tilhøve. Det er til dømes 2 minusgrader!



Klare for aking inn i 2010! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi testa bakken her om dagen og det gjekk verkeleg unna, sa Cathrine før ho la i veg med deltakarane som ein lysende orm etter seg.
Å nytt denne skogsvegen som akebakke er forresten ikkje noko nytt, han har før vore nytt under familietreninga. Men då var ikkje føret fullt så skarp.



Klare for aking inn i 2010! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterkvart kom det fleire slik at det tilsaman vart rundt 20 som køyrd ned. Dei starta nesten på toppen av bilvegen, fortel Cathrine. Aketuren vart gjennomført utan uhell av noko slag og var ei stor naturoppleving. Når det elles gjeld allidrett-opplegget finn ein alle opplysningar ein treng ved å klikka på DET SKJER her på sida. Fjellhaugen står til dømes på programmet 27.januar.